

Nærings- og fiskeridepartementet

PELAGISK FORENING SITT HØYRINGSSVAR GRØNN VERDISKAPING OG ØKT TILVERKING I SJØMATINDUSTRIEN

INNLEIING

Pelagisk Forening viser til høyringsnotat av 8.3.22.

Innleingsvis vil Pelagisk Forening peika på at for at det skal bli meir tilverking, av sjømat, i Noreg er det viktig med gode handelsavtalar for eksport av tilverka fiskeprodukt. Når våre handelspartar har tollsatsar som aukar med auka grad av tilverking må det politiske løysingar til for å betre handelsavtalar. Så enkelt, og så vanskeleg.

I tillegg gjer høge kostnader, i Noreg, det vanskeleg å konkurrera med lågkostland.

Naturlege tilhøve gjer òg at det er sesongtoppar der store mengder fisk er tilgjengelege i relativt korte periodar i året. Det er såleis vanskeleg å tilverka all fisk som blir fiska i sesongtoppane.

Pelagisk Forening er undrande til at eit utval tungt representert av fiskeindustrinæringa, og utan ein einaste fiskar som medlem, går inn for inngripande endringar på fiskarsida. Eit utval utan medlemmar som er fiskarar bør sjølvstøtt ikkje vektleggast når det gjeld spørsmål på fiskarsida.

Når det gjeld utvalet sitt mandat så seier utvalet at «*Sjømatindustrien er i mandatet definert som den delen av verdikjeden som starter i det råstoffet er tatt opp på kaikanten og frem til den omsettes til forbruker. En naturlig forståelse av ordlyden er at utvalget skal fokusere på landindustrien knyttet til villfanget sjømat, mens fangstledd, ombordproduksjon og havbrukssektoren faller utenfor.*» (Understreking her.)

Endring av deltakarlova, slik at ikkje-fiskarar kan eiga fiskekvotar, vil kanskje kunne betra enkelte landanlegg sin økonomi, men dette vil ikkje føra til auka grad av tilverking i Noreg, eller til større verdiskaping. Tvert om vil det føra til mindre konkurranse om råstoffet, og ikkje medføre auka tilverking i Noreg.

Pelagisk Forening meiner at landet er best tent med spreidd eigarskap på land og hav. Mange aktørar gjer at det blir større konkurranse om råstoffet, meir innovasjon, og såleis større grad av tilverking. Auka struktur på land fremjar såleis ikkje konkurranse og invasjon, og såleis heller ikkje auka tilverking.

I det følgjande vil Pelagisk Forening koma med merknadar i den rekkefølge utvalet har gjeve sine tilrådingar, jf. rapporten kapittel 7. Nummereringa er den same som nummereringa i utvalet sine tilrådingar i kapittel 7. Tekst på bokmål er sitat frå høyringsnotatet. Tekst på nynorsk er Pelagisk Forening sine merknadar.

MERKNADAR TIL ENKELTE AV FORSLAGA

Forslag til tiltak 1.

Å gjennomføre foreslåtte endringer i kvotesystemet knyttet til oppsplitting av kvotepakker og innføring av en kvoteutvekslingsordning for å legge bedre til rette for spesialisering og utnyttelse av alle kommersielle arter.

Det er vanskeleg å sjå at dette vil føra til auka tilverking i Noreg. For å auka tilverkningsgraden må landsida få auka fortjeneste ved å tilverka fisken, sett i høve til eksport av utilverka råstoff. Så enkelt, og så vanskeleg

Forslag til tiltak 2.

Å inndra og refordle kvoter som ikke utnyttes over tid.

Fiskeridirektoratet har alt eit system for refordeling av ufiska kvotar. Pelagisk Forening opplever det slik at direktoratet legg godt til rette for å refordela ufiska kvotar, og at fiskarane er opptatt av å fiska kvotane sine. I den grad kvotar ikkje blir fiska er årsaka dårlege prisar, som t.d. for hysa i Nordsjøen, eller at det ikkje er kjøparar som vil kjøpa fangsten.

Forslag til tiltak 3.

Å justere klausulen i forvaltningsplanen for torsk slik at kvoteendringer fra ett år til neste som hovedregel ikke kan overstige 10 prosent.

Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til dette forslaget, men meiner at det bør vera ein «sikkerheitsventil» dersom Havforskningsinstituttet meiner at det er fare for kollaps av ein bestand.

Forslag til tiltak 4.

At det innføres risikoavlastende virkemidler for videreutvikling og implementering av nye metoder for frysing, lagring og tining av fiskeråstoff i industriell skala.

Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til forslaget så lenge dette ikkje skal finansierast av avgift på førstehandsomsetninga av fisk.

Forslag til tiltak 5.

Å utforme ekstrakvoteordningar slik at hensynet til både miljømessig, økonomisk og sosial bærekraft tas i betraktning og er gjenstand for jevnlege evalueringer for å sikre at de virker etter hensikten.

Generelt er Pelagisk Forening imot ekstrakvoteordningar. Pelagisk Forening har ikkje noko imot at nemnte omsyn blir tatt i eksisterande ekstrakvoteordningar, men ser ingen grunn til å innføra nye ekstrakvoteordningar.

Utvalet skriv at «Ferskfiskordningen bør videreføres med krav om at artene som inngår i ferskfiskordningen og som gir bonuskvantum på torsk, må gå til humankonsum.» Pelagisk Forening er einig i dette. Dette fordi ordninga bør premiera størst mogeleg verdiskaping. Det er òg forbode å mala opp hysa og sei.

Forslag til tiltak 6.

Å innføre en prøveordning med utviklingskvoter til sjømatindustrien.

Pelagisk Forening er sterkt imot dette forslaget. Forslaget kan kanskje auka fortienesta til enkelte aktørar i sjømatindustrien, men forslaget vil ikkje føra til auka tilverking av sjømat. Tvert om viser erfaring at når ein del av sjømatindustrien får føremonar, som t.d. «Hjeltnekvoten», så har det vore lite vellykka, og slike ordningar vil medføre negative verknadar for andre deler av sjømatnæringa. Forslaget er òg konkurransevridande.

Forslag til tiltak 7.

Nærings- og fiskeridepartementet iverksetter en gjennomgang og evaluering av om salgslagenes praksis knyttet til lagsavgift er i overensstemmelse med fiskesalgslagsloven.

Det er uklårt kva utvalet meiner med dette, og utsegna kan oppfattast som ei antydning av at salslaga sin praksis ikkje er i samsvar med lova. Utvalet er sterkt dominert av landindustrien, og forslaget kan vera eit ledd i eit langsiktig mål om å få oppheva fiskesalgslagslova.

Samvirkelova gjev samvirkeføretak, inkludert salslag, eit visst handlingsrom. Salslag sin rett til å fastsetja lagsavgifta og av fiskesalgslagslova, og det er ikkje grunn til å bruka ressursar på å gjennomgå dette. Det blir forutsett at salslaga følgjer lova.

Det er fiskarane som betalar lagsavgift, og landindustrien har ikkje noko med lagsavgifta å gjera. Det kan òg nemnast at lagsavgiftene er relativt låge, og salslaga driv effektivt.

Forslag til tiltak 8.

At salgslagenes omsetningssystemer innrettes slik at råstoff gjerest tilgjengeleg for konkurranse og bebreiding i det norske råstoffmarkedet. Det må utredast vidare hvordan dette kan operasjonast i tråd med intensjonen i fiskesalgslagslova og deltakerloven.

Pelagisk Forening er svært einige i at råstoff blir gjort tilgjengeleg for konkurranse og tilverking i den norske marknaden. At råstoff blir seld på auksjon er beste måten å gjera råstoffet tilgjengeleg for alle som vil kjøpa råstoffet. Sildelaget sitt auksjonssystem, for pelagiske fangstar, sikrar at råstoffet blir tilgjengeleg for konkurranse, og at den kjøparen som kan få størst avkastning på råstoffet faktisk får kjøpt råstoff. Auksjonssystemet fremjar såleis konkurranse, innovasjon og utvikling.

Igjen er det uklårt kva utvalet meiner når det skriv at «Det må utredast vidare hvordan dette kan operasjonast i tråd med intensjonen i fiskesalgslagslova og deltakerloven.»

Pelagisk Forening vil òg peika på at det blir landa vesentleg meir utanlandsk råstoff i Noreg, enn kva norske fiskarar landar i utlandet.

Pelagisk Forening er òg einige med at det bør vera lønsamt å levera råstoff av god kvalitet. Dette er landindustrien dei næraste til å gjera noko med. Dette ved å betala meir for råstoff av god kvalitet.

Forslag til tiltak 10.

At Nærings- og fiskeridepartementet innfører en ordning med årlige forventningsbrev til fiske-salgslagene, der salgslagenes ansvar for å medvirke til en samfunnsøkonomisk lønnsom forvaltning av viltlevende marine ressurser presiseres i lys av den til enhver tid gjeldende status og utvikling i næringen, og at dette krever gode rammer for førstehåndsomsetning som ivaretar grunnleggende interesser for både fisker- og industrisiden.

Salslaga har løpende kontakt med både departementa og politisk leiing. Salslaga må sjølvsagt halda seg til lover og forskrifter, som stiller strenge krav til salslaga. Pelagisk Forening ser ikkje føremonane med forslaget, eller at forslaget vil auka graden av tilverking, eller gje auka verdiskaping.

Forslag til tiltak 11.

At salgslagenes salgsvilkår for sjømat, herunder reklamasjonsregler, utformes i tråd med kjøpsloven, så langt det er mulig.

Igjen kan utvalet sitt forslag oppfattast som at utvalet meiner at salslaga ikkje føl lova, men det er uklårt på kva grunnlag utvalet fremjar forslaget.

Salslaga er salslag. Salslaga er ikkje på noko tidspunkt eigar av fisken. Salslaga er såleis kor-kje kjøpar eller seljar av fisken. Landindustrien er profesjonelle næringsdrivande, og det er avtalefridon på området. Det er liten grunn til at myndigheitene skal fastsetja salsvilkår og reklamasjonsreglar for profesjonelle aktørar.

Det kan òg nemnast at kjøparane kan klassa ned fangst, dersom fangsten ikkje er av avtalt kvantum, storleik eller kvalitet. Dette gjer landanlegga rett som det er.

Det må òg nemnast at reklamasjonsreglane er utforma i tett dialog mellom salslaga og kjøparorganisasjonane. Det kan spørjast om utvalet meiner at reklamasjonsreglane er til hinder for tilverking? Pelagisk Forening kan ikkje sjå at gjeldande reklamasjonsreglar verkar inn på graden av tilverking.

Forslag til tiltak 12.

At salgslagene endrer sine vedtekter jfr. samvirkeloven § 66 (3) og gir Nærings- og fiskeridepartementet rett til å velge 40 % av medlemmer til styrene i salgslagene. Departementet bør oppnevne personer med næringskompetanse fra leverandør- og kjøpersiden, samt juridisk og økonomisk kompetanse. Det bør sees hen til økt representasjon av begge kjønn i styresammensetningen.

Pelagisk Forening meiner at salslaga sjølv må få fastsetja vedtektene sine, slik som andre samvirkeforetak.

Pelagisk Forening er ikkje usamd i auka representasjon av begge kjønn i styrande organ i salslaga. Etter det me er kjent med har salslaga nyss endra vedtektene sine på dette punktet.

Staten har òg ein kontrollør som rapporterer til departementet om salslaga driv i samsvar med lovar og forskrifter.

Pelagisk Forening meiner at forslaget bør leggest bort.

Forslag til tiltak 13.

Vanlig forretningspraksis der alle aktører sikrer egne fordringer bør gjelde også for fiskere, og kan eksempelvis inkluderes i tjenesten som dekkes av lagsavgiften.

Som i alle andre bransjar må leverandørar ha sikkerheit for oppgjær. Hovudprinsippet i norsk rett er yting mot yting. Altså kontant betaling. Når det blir handla på kreditt er det vanleg med garanti for oppgjær.

Salslaga har utmerka, og rimelege, ordningar for sikring av leverandørane sine fordringar. Det er ingen grunn til å endra desse. Ordningane er like for alle, og bidreg til like konkurransevilkår, og såleis høgare verdiskaping.

Forslag til tiltak 14.

Myndighetene må gjennom eget forvaltningssystem, samt ved forhandlinger og enighet med andre nasjoner, sikre en langsiktig og god forvaltning av norske og felles fiskeriressurser.

Pelagisk Forening er samde i at det er viktig med gode fiskeriavtalar med våre naboland, men samstundes må ikkje Noreg gå med på reduksjon av sine hevdvunne rettar til fiskeressursar. Det vil føra til reduksjon av landa kvantum i Noreg, og såleis til mindre tilvirking i Noreg.

Forslag til tiltak 15.

Å etablere en FoU-satsing på utvikling og implementering av teknologi for lagringsstabile sjømatprodukter for å redusere behovet for frakt med fly og bil, og muliggjøre økt bruk av sjøtransport.

Pelagisk Forening er einig i dette.

Forslag til tiltak 17.

Utforming og omfang av klimaavgifter må innrettes for å stimulere til grønn omstilling, eksempelvis ved at inntekt fra avgift brukes til målrettede tiltak i fiskerinæringen.

Pelagisk Forening er einig i at klimaavgifter bør brukast til målretta tiltak for å stimulera til ei grønnare fiskerinæring.

Forslag til tiltak 19.

Organisasjonene i næringen samarbeider om standarder som grunnlag for sertifisering av mottaksanlegg, fiskefartøy, fiskeredskap, samt forholdet mellom båtens størrelse, utrustning og størrelsen på fangst for å sikre råstoffkvalitet.

Pelagisk Forening er einige i forslaget, og meiner at eit slikt samarbeid òg må omfatta standardisering av mottaksutstyret på landanlegga. Dette vil redusera tidsbruk ved lossing, og såleis gje større verdiskaping.

Forslag til tiltak 22.

Arbeidsmiljøloven bør tilpasses sesongpreget i sjømatindustrien, med målrettede unntak fra arbeidstidsordningene i høysesong. Denne typen justeringer må baseres på et nært samarbeid mellom partene.

Pelagisk Forening meiner at dersom det er eit mål å auka grad av tilverking av sjømat i Noreg, og såleis fleire attraktive heilårsarbeidsplassar for fastbuande i distrikta, er ikkje dette vegen å gå. Forslaget vil ikkje gjera arbeidsplassar i landindustrien meir attraktive. Tvert om vil dette føra til at større delar av foredlinga blir gjort av sesongarbeidarar.

Slike endringar må eventuelt berre gjerast etter grundige vurderingar.

Forslag til tiltak 26.

At myndighetene i langt større grad enn til nå er villig til å prioritere markedsadgang for sjømat, bearbeidede sjømatprodukter og marine ingredienser i arbeidet med handelsavtaler.

Pelagisk Forening er svært einige i dette forslaget.

Forslag til tiltak 28.

At den generiske markedsføringen av norsk sjømat også rettes mot nye produkter.

Pelagisk Forening meiner at grad av generisk marknadsføring bør aukast.

Forslag til tiltak 32.

At strukturering på landsiden aksepteres som en naturlig tilpasning til konkurransesituasjonen. Etablering av sjømatindustribedrifter må skje på like vilkår og ut fra bedriftsøkonomiske vurderinger hvor ansvaret ligger hos den respektive virksomhet. Dette innebærer at myndighetene ikke må bruke offentlige midler eller kvoter for å etablere spesifikke bedrifter.

Pelagisk Forening meiner at auka strukturering på landsida ikkje er vegen å gå. Slik strukturering vil sjølvsagt kunne vera økonomisk gunstig for verksemdar som veks, men auka strukturering vil føra til mindre konkurranse om råstoffet, mindre innovasjon, og lågare verdiskaping for landet. Det er vanskeleg å sjå at større, og færre, mottak vil føra til større grad av tilverking.

Avslutning

Til sist vil Pelagisk Forening gje uttrykk for at utvalet med fordel kunne vore meir konkrete på kva landindustrien sjølv bør gjera for å auka graden av tilverking i Noreg.

Bergen: 31.5.22

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar